



MODALEN KOMMUNE  
Postboks 44  
5732 MODALEN

Saksbehandlar, innvalstelefon  
Marit Lunde, 57 64 30 05

## Modalen kommune - budsjett 2023 og økonomiplan 2023 - 2026

Modalen kommunestyre har i møtet 15.12.2022, sak 49 /2022, handsama og vedteke budsjett 2023 og økonomiplan for 2023 – 2026. Statsforvaltaren har motteke saksdokumenta til orientering.

Modalen kommune er ikkje under statleg kontroll og godkjenning. Budsjett og økonomiplan er difor ikkje kontrollert etter kommunelova § 28-1 (Robek-registrerte kommunar). For alle kommunar kontrollerer Statsforvaltaren at budsjett og økonomiplan er i balanse, og at det ikkje er budsjettert med uspesifiserte innsparingar. Dette brevet er ei tilbakemelding om korleis Statsforvaltaren vurderer økonomien til kommunen og utviklinga slik ho er planlagt i budsjett og økonomiplan.

### Oppsummering

*Kommunen har god økonomi til å yte tenester til innbyggjarane sine, til å setje av midlar på fond og til eigenfinansiering av investeringar. Inntekter per innbyggjar ligg framleis godt over landssnittet.*

*Sidan ein stor del av kommunen sine inntekter er knytt til eigedomsskatt og inntekter knytt til kraftproduksjon, er kommunen sårbar for svingingar (endringar) i desse inntektene. Det er dermed fornuftig å opparbeide eit økonomisk handlingsrom, og å ha tilstrekkeleg med midlar til eigenfinansiering av investeringar.*

*Budsjett- og økonomiplandokumenta er i samsvar med lov og forskrift, er oversiktlege og gode plan- og styringsdokument. Det er bra at det er med mål for kvart tenesteområde over tiltak og aktivitetar for det kommande året.*

### Resultat 2022

Etter Kostra-tal for 2022 fekk kommunen (som konsern) eit netto driftsresultat på 8,7 mill. kroner. Dette utgjør 7,4 prosent av driftsinntektene. Disposisjonsfondet (fri eigenkapital drift) er ved utgangen av 2022 på 5,1 mill. kroner, som utgjør 4,9 prosent av driftsinntektene. Gjennomsnittet for landet u/Oslo er 14,4 prosent.



## Budsjett 2023

Budsjettet er i balanse med eit positivt netto driftsresultat på 4,8 mill. kroner, som tilsvarar om lag 4,3 prosent av driftsinntektene. Driftsresultatet er planlagt overført til disposisjonsfond og om lag 3,6 mill. kroner vert overført til investering.

Oppdatert prognosemodell frå KS etter revidert nasjonalbudsjett (RNB) og oppjusteringar knytt til endringar mellom anna for lønns- og prisvekst, skatteinntekter og endringar i konsesjonskraftinntektene, viser no at dei frie inntektene er endra til samla om lag 55,9 mill. kroner for 2023. Dette utgjer skatteinntekter (inkludert naturressursskatt) på om lag 29,9 mill. kroner, pluss rammetilskot på om lag 26 mill. kroner. Det justerte trekket på konsesjonskraftinntektene får ingen konsekvens for Modalen.

For 2023 er det budsjettert med samla inntekter frå kraftproduksjon (naturressursskatt, konsesjonsavgift og eigedomsskatt) som utgjer om lag 42,8 prosent av dei samla driftsinntektene. Årlege svingingar i inntektene kjem som følge av endringar, som i hovudsak dei siste åra knytter seg til eigedomsskatten. Kommunen har berre eigedomsskatt på kraftproduksjon og kraftlinjer.

Sum investeringar i anleggsmidlar utgjer om lag 4 mill. kroner i 2023. Den største investeringa er oppdatering av bowlinghall på Bryggjeslottet. Det vert ikkje lagt opp til låneopptak i 2023, og investeringane skal finansierast med overføring frå drift og kompensasjon for meirverdiavgift.

## Økonomiplan 2023 – 2026

Økonomiplanen skal vise korleis langsiktige utfordringar, mål og strategiar i kommunale planar skal følgjast opp. Saman med årsbudsjettet skal han vise kommunestyrets prioriteringar og løyvingar og dei mål og premissar som økonomiplanen og årsbudsjettet byggjer på. Kommuneplanens handlingsdel, med same formål, kan inngå i økonomiplanen.

Økonomiplanen er i balanse og viser positive netto driftsresultat for alle åra i planperioden, med 7,1 mill. kroner i 2024, 6,9 mill. kroner i 2025 og 5,9 mill. kroner i 2026. Driftsresultata vert fordelt mellom avsetjingar til fond og overføring til investering kvart år. Overføringar til tenesteområda blir vidareført på same nivå i perioden, berre med justeringar for lønns- og prisstigning.

I planperioden vert det lagt opp til mindre investeringar kvart år på 3,1 mill. kroner i 2024, 2,25 mill. kroner i 2025, og 2,8 mill. kroner i 2026. Det er ikkje budsjettert med låneopptak i perioden, og investeringane skal finansierast med midlar overført frå drift og kompensasjon for meirverdiavgift.

Den langsiktige gjelda utgjorde 72,4 mill. kroner ved inngangen til perioden, som tilsvarar om lag 60 prosent av brutto inntekter. Det er budsjettert med same sum i renter og avdrag for heile perioden, og lånegjelda vil dermed bli redusert til om lag 50,7 mill. kroner ved utgangen av år 2026. Dette utgjer om lag 43,8 prosent av driftsinntektene. Snittet for landet u/Oslo utgjorde 114 prosent i 2022 for langsiktig gjeld.

## Finansielle måltal

Etter kommunelova skal kommunestyret sjølv vedta finansielle måltal med handlingsreglar for utvikling av økonomien til kommunen. Finansielle måltal skal nyttast i planlegging og styring, som grunnlag for å vareta den økonomiske handleevna over tid. Modalen kommunestyre har vedteke følgjande måltal i prosent av brutto inntekter:



	<b>Mål</b>	<b>2023</b>	<b>2024</b>	<b>2025</b>	<b>2026</b>
Netto driftsresultat	3 %	4,3 %	6,2 %	6 %	5,1 %
Langsiktig gjeld	60 %	51,9 %	48,4 %	45,9 %	43,8 %
Disposisjonsfond	10 %	7,8 %	11,2 %	15,3 %	18,2 %

Kommunen budsjetterer med resultat som ligg over måltalet for netto driftsresultat og disposisjonsfond i løpet av perioden. Den langsiktige gjelda vert redusert. Arbeidskapitalen utgjorde om lag 16 prosent i 2022.

### **Statsforvaltaren sine vurderingar**

Kommunen har god økonomi til å yte tenester til innbyggjarane sine, til å setje av midlar på fond og til eigenfinansiering av investeringar. Folketalet har vore stabilt siste året, med ein auke på 0,5 prosent, til 380 innbyggjarar. Inntekter per innbyggjar ligg framleis godt over landssnittet.

Sidan ein stor del av kommunen sine inntekter er knytt til eigedomsskatt og inntekter frå kraftproduksjon, er kommunen sårbar for svingingar (endringar) i desse inntektene. Det er dermed fornuftig å opparbeide eit økonomisk handlingsrom, og ha tilstrekkeleg med midlar til eigenfinansiering av investeringar.

Budsjett- og økonomiplandokument er i samsvar med lov og forskrift, er oversiktlege og gode plan- og styringsdokument. Det er bra at det er med mål for kvart tenesteområde over tiltak og aktivitetar for det kommande året.

Med helsing

Liv Signe Navarsete

Nils Erling Yndesdal  
kommunaldirektør

*Dokumentet er elektronisk godkjent*